



Tilsynsutvalet i Vestland

Hardangervidda nasjonalpark

løyvehavarar

Dykkar ref.

Vår ref.

24/1880-3 /agny/24/30765

Arkiv:

FA-K01

Dato

23.10.2024

Retningslinjer for motorisert ferdsel innan Hardangervidda nasjonalpark - vintersesongane 2025 - 2028

Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark (TUV) har i sak 040/24 delegert til sekretæren å tildele motorferdselløyver etter fylgjande punkt i § 4 i verneforskrifa for Hardangervidda nasjonalpark for vintersesongane 2025 – 2028:

- Transport av båt i samband med garnfiske, over 50 garndøgn, får inntil 2 turar/retur, jfr. pkt. 4.6.3.2.b.
- Turisthyttedrift får antal turar basert på tidlegare rapportert årleg bruk, jfr. pkt.4.6.3.3.a og b. Desse kan få fleirårsløyver.
- Transport av varer og utstyr til beitebruk får inntil 2 turar årleg, jfr. pkt. 4.6.3.4.b. Desse kan få fleirårsløyver.
- Byggjeløyve får køyrebok i godkjent byggeperiode, jfr. pkt. 4.6.3.5.a. Desse kan få fleirårsløyver.
- Eigar eller leigetakar av hytter og buer på privat grunn eller statsallmenning får inntil 4 turar/retur årleg til material, brensel og liknande. Det må leggjast vekt på ant. kg og kva som skal transporterast, jfr. pkt. 4.6.3.5.a. Desse kan få fleirårsløyver.
- Hytter og buer med fleire eigarar; kvar av eigarane får inntil 2 turar/retur kvar til material, brensl og lignende. Det må leggjast vekt på ant. kg og kva som skal transporterast, jfr. pkt. 4.6.3.5.a. Desse kan få fleirårsløyver.
- Transport av gamle og uføre som er særleg tilknytta nasjonalparkområdet får inntil 4 turar/retur, jfr. pkt. 4.6.3.5.d.
- Ettersyn og kontroll i samband med el-forsyning og teletenester, snømålingar og vedlikehald på damanlegg får køyrebok, jfr. pkt. 4.6.3.5.e. Desse kan få fleirårsløyver.

Løyve til transport vert normalt gitt til eigar av hytta. Dersom leigetakar søker om transportløyve, må han dokumentere at eigar fråskriv seg denne retten til transportløyve.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00

Kontakt oss:

tilsynsutvalet.hordaland@ullensvang.kommune.no
Sandvikevegen 11, 5780 Kinsarvik

Endring av eigar/leigeforhold må meldast til Tilsynsutvalet i Vestland.

All transport til stølen Gryting skal ha utgangspunkt på Garen. Dette for å hindre unødig lang køyring i nasjonalparken, som det vil føra til om turen startar på Røte.

Vintertransport med utgangspunkt frå Garen for eigarar av stølshus og hytter i Krokane, Vedal, Busete, Vassdalen, Erdalstølen og Gryting, samt dei med godkjent ervervsløyve i Eidfjord kommune, får eige brev med løyve til å køyre innom Hardangervidda nasjonalpark i Vivelid ved kryssing av Veig/Vivo.

Søknadar som ikkje er "kurante", og ikkje inngår under overnemnde punkt, vert lagt fram for Tilsynsutvalet i Vestland i møte, eller i hastesaker avgjort av leiar og lagt fram som melding i neste møte.

Transporten kan utførast i tidsrommet 01.12. – t.o.m. 1. søndag etter 1. mai.

Køyreløyve kan på kort varsel verta inndrege midlertidig dersom det er villrein i det aktuelle området. Det er mest aktuelt etter påske, og ein oppmodar difor brukarane til å gjera seg mest mogeleg ferdig med planlagte transportar før påsken er ferdig.

Tilbakerapportering skal skje kvart år etter endt sesong til Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark.

Helsing

Anne Gerd Nysveen
Konsulent
Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark